

<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

7. søndag i treeningstida - 24.juli 2022

Denne tekstgjennomgangen ble første gang publisert i 2013

Preiketekst: Mark 5, 25-34
Lesetekst I: Salme 8,2-10
Lesetekst II: 1 Kor 1,26-31

Kvinna som blei både frisk og frelst

Vi les om ein av dei mange intense dagane i Jesu jordeliv. Folk trengjer seg om han på alle kantar, alle slags folk, friske og sjuke, slike som sjølve treng hjelp, og menneske som ber om hjelp for sine.

Midt i trengsla er Jesus, undergjeraren. Han har drive ut vonde ånder av mannen frå gravholene. Etterpå sit han der *"påkledd og med sitt fulle vit."* (5,15)

Folk blir redde og ber Jesus dra bort frå området deira. Men mannen som er blitt frisk, ber om å få gå vidare saman med Jesus. Men av Jesus blir han beden om gå å fortelja *"kva Herren har gjort for deg, og kor god han har vore mot deg."* (5,19)

Det gjorde han, han var med å spreia rykte om Jesus, undergjeraren. Og alle undra seg.

Så er det synagogeforstandaren Jairus som ber for den sjuke dottera si: *"Kom og legg hendene på henne så ho kan bli frisk og få leva."* (5,23)

Folkehopen trengjer seg på, og i denne folkehopen er kvinna som har hatt blødningar i tolv år. Ho er på leit etter hjelp og lækjedom, som så mange gonger før gjennom tolv lange år. No har ryktet fortalt om undergjeraren, om Jesus. Ho må prøva, *"om eg så berre får ta i kledda hans, blir eg frisk."* (5,28)

Eit intenst ønskje, eit sterkt håp, om å bli rein og frisk etter år i isolasjon driv henne. Ei sterk tru på eit siste håp: Hå Jesus er hjelp å få!

Sjuk, urein og isolert

Kva førte sjukdommen hennar til? 3 Mos 15,25 ff gjev oss eit levande bilete av situasjonen til denne kvinna og andre som leid av det same, og det var inga uvanleg lidning. Ho var ikkje berre sjuk, men også urein etter lova. Alt ho kom borti, vart ureint, alle ho var saman med, vart ureine. Det førte til isolasjon, familie og vener heldt seg på avstand. Det kan nok også henda at mange tenkte at ho var spesielt syndig, ho som hadde denne sjukdommen. Eit einsamt tilvere, ein vond og håplaus situasjon.

Vers 26 let oss forstå at ho har prøvd alle utveggar for å bli frisk, har besøkt ulike lækjarar, brukt alle sine midlar, alt i håp om hjelp. Men til inga nytte. Kor djup fortvilninga hennar er, kan vi vanskeleg forestilla oss!

Jesus kan

Men så har ho høyrte eit rykte og håpet tennest på nytt! Håpet heiter Jesus! Ryktet fortel at han gjer sjuke friske! –Kanskje også meg! tenkjer kvinna. Ho gjer seg så liten som ho føler seg, ho kjem bakanfrå i folkemengda og ho rører ved kappa hans. Ingen skal sjå, ingen skal merka vesle henne! Men *ein* merkar henne, Jesus! Han kjenner krafta som går ut seg og spør etter kven som rørte ved kleda hans. Jesus spør etter henne og ho trør fram, takksam! Samtidig er ho skjelvande redd då ho gjev ho seg til kjenne. Ho kastar seg ned for Jesus, redd, audmjuk, det må berre stå til! Om ho hadde venta seg irettesetjing eller anerkjenning, er ikkje godt å seia. Men i alle fall opplever ho å bli tiltalt som "dotter". Jesus oppmuntrar den audmjuke kvinna, han oppmuntrar henne med ord som må kjennast som salve på vonde sår: *"Trua di har frelst deg, dotter. Gå i fred. Ver frisk og kvitt plaga di."* (v 34). Han gjev henne høve til å vedkjenna trua som gav henne mot til å nærma seg Jesus.

Mbum og pere

Om å tru bruker mbum-språket i Kamerun eit ord som tyder "å ta imot med tom hand"; altså: å tru er å ta imot med tom hand.

Om å tru bruker pere-språket i Kamerun eit uttrykk som betyr å leggja heile kroppen sin, det vil seia heile si sak, i Jesu hand; altså: Å tru på Jesus er å leggja heile si sak i Jesu hender.

Ho gjorde det, kvinna vi les om her, og fekk høyra frå Jesu munn: *"Trua di har frelst deg. Gå i fred. Ver frisk og kvitt plaga di."*

For ein dag for den ulukkelege kvinna! Frisk, frelst, fridd frå lidinga, og under Guds fred! Lukkelege kvinne! Ho får oppleva på kroppen at det nyttar å nærma seg Jesus!

Vi lærer:

-at det er viktig å gjera ryktet om Jesus kjent slik at menneske både i nærmiljøet vårt og dei lenger borte får vita om han, og derfor også kan venda seg til han. Å vita om Jesus er ein føresetnad for å kunna tru på han. Derfor må vi alltid med stort frimot gjera Jesus kjent, blant Guds gamle eigedomsfolk og mellom folkeslaga. Og det kan vi gjera sjølv om vi ikkje har opplevd så radikale endringar i livet vårt som mannen frå gravholene eller kvinna som hadde vore sjuk av blødningar i tolv år! Jesus har møtt oss også, han har endra livet vårt og han har møtt oss med orda *"Trua di har frelst deg! Gå i fred!"*

-at Jesus ser og tek seg av det einskilde menneske. Salme 8 uttrykkjer det: *"Når eg ser din himmel, eit verk av dine fingrar, månen og stjernene som du har sett der, kva er då eit menneske at du hugsar på det, eit menneskebarn at du tek deg av det?"*

Sjølv det mest forkomne menneskebarn tek Jesus seg av. Skulle då vi ha ei anna haldning?

-at det i Guds rike kan synast å vera det veike og svake som står sterkast fordi det då er Gud og hans herlegdom som blir tydeleg og får æra. 1 Kor 1,26-31 og Salme 8, 2a+10.

-at Jesus spør etter menneske, er på leit etter dei, ønskjer kontakt med menneske. Trong han bry seg med kven som tok i kappa hans? Han gjorde det, ville gje personen høve til å høyra dei forløysande orda: *"Trua di har frelst deg! Gå i fred!"*

-at Jesus er suveren, han veit kva som er best, kva som tener til det beste i einkvar situasjon.

Vi kan venda oss til Jesus, vi kan leggja oss trygt i hans hender både med kropp og sjel. Og vi kan vita at han svarer på sitt vis i sin time.

Alvhild Vassel Eide

Misjonskonsulent i Det Norske Misjonsselskap, region Bjørgvin, fagområde grasrot, gruppe, forening

ave@nms.no